

**RÅDSFORORDNING (EF) nr. 2254/96****av 19. november 1996****om endring av forordning (EØF) nr. 1101/89 om strukturell sanering av fart på innlands vannveier(\*)****RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 75,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen<sup>(1)</sup>,

med tilvising til fråsegn frå Økonomi- og sosialutvalet<sup>(2)</sup>,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 C i traktaten<sup>(3)</sup>, og

ut frå desse synsmåtane:

Ved rådsforordning (EØF) nr. 1101/89<sup>(4)</sup> vart det innført ei ordning for strukturell sanering av fart på innlandsvassvegar. Føremålet med forordninga er å minske den strukturelle overkapasiteten i fart på innlandsvassvegar ved hjelp av handlingsplanar for opphogging av fartøy som vert samordna på fellesskapsplan. Etter forordninga kan Fellesskapet gje eit finansielt tilskot til opphogingsfonda for 1995.

I prinsippet skal den gjeldande ordninga for strukturell sanering først og fremst finansierast gjennom årlege tilskot frå operatørane i sektoren.

Offentlege løyvingar må tildelast årleg og må stå i høve til tilskota frå dei næringsdrivande i sektoren. Planen skal gjelde for eit tidsrom på tre år, dvs. 1996, 1997 og 1998, og må vurderast kvart år.

Eit finansielt tilskot frå Fellesskapet bør fastsetjast berre for 1996.

Det finansielle tilskotet frå dei aktuelle medlemsstatane for 1996, 1997 og 1998 må reknast ut etter storleiken på flåten deira -

**VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:****Artikkel 1**

I artikkel 4a i forordning (EØF) nr. 1101/89 vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 1 og 2 vert «og 1996» sett inn etter «1995».
2. Nytt nr. 3 og 4 skal lyde:
  - «3. De berørte medlemsstater skal i fellesskap stille til rådighet for sine fond beløp som er tilstrekkelige for å nå, sammen med fellesskapsbidraget fastsatt for bare 1996, de fastsatte målene for strukturell sanering for 1996, 1997 og 1998. Hver berørt medlemsstats andel skal beregnes etter størrelsen på dens aktive flåte i forhold til størrelsen på medlemsstatenes samlede flåte. Beløpene skal fastsettes av Kommisjonen i samarbeid med de ulike opphuggingsfondenes myndigheter.
4. Innen rammen av denne forordning skal Kommisjonen ved begynnelsen av hvert år av handlingsplanen for opphugging for 1996, 1997 og 1998 fastsette nærmere regler for opphuggingen i det inneværende år på grunnlag av disponible økonomiske midler, utviklingen i markedet og iverksatte liberaliseringstiltak.»

(\*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 304 av 27.11.1996, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 23/97 av 30. april 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se denne utgave av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(<sup>1</sup>) TEF nr. C 318 av 29.11.1995, s. 11.

(<sup>2</sup>) TEF nr. C 39 av 12.2.1996, s. 96.

(<sup>3</sup>) Europaparlamentsfråsegn av 13. februar 1996 (TEF nr. C 65 av 4.3.1996, s. 29), felles haldning frå Rådet av 27. juni 1996 (TEF nr. C 264 av 11.9.1996) og europaparlamentsavgjerd av 17. september 1996 (TEF nr. C 320 av 28.10.1996).

(<sup>4</sup>) TEF nr. L 116 av 28.4.1989, s. 25. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 2819/95 (TEF nr. L 292 av 7.12.1995, s. 7).

**Artikkel 2**

Denne forordninga tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjord i  
*Tidend for Dei europeiske fællesskapa.*

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 19. november 1996.

For Rådet

H. COVENEY

Formann